

Eigarstrategi

for

FERDE AS

Bakgrunn

Ferde AS, stifta 05.10.2016, er det regionale bompengeselskapet for region Sørvest, som omfattar fylka Vestland, Rogaland og Agder.

Den nye Bompengereforma har hatt ei målsetting om å redusere talet bompengeselskap (frå 64 til 5 bompengeselskap) og reindyrke bompengedrift i færre, større selskap. Det overordna målet for bompengeselskapa i Noreg er å bidra til ei meir kostnadseffektiv bompengefinansiering av transportinfrastruktur gjennom effektiv innkreving og gode finansieringsvilkår.

For å kunne etablere det regionale bompengeselskapet, Ferde AS, i tråd med krava til Samferdselsdepartementet, har det vore gjennomført omfattande selskapsomstruktureringar i bompengesektoren. 24 bompengeselskap i region Sørvest har blitt til eitt. Sørvest Bomvegselskap AS erverva hausten 2017 BT Signaal AS. I prosessen vart heile selskapet kjøpt, men den delen av BT Signaal AS som ikkje var foreinleg med bompengeavtalen mellom Ferde AS og Samferdselsdepartementet, vart beholden i BT Signaal AS og seld, og har endra namn til Skyttel AS. Den 1. januar 2018 endra Sørvest Bomvegselskap AS namn til Ferde AS.

Ferde AS er organisert som eit aksjeselskap og følgjer aksjelova sine føresegner. Dei tre fylkeskommunane eig ein tredjedel kvar av aksjane i selskapet og har (rett til å føreslå) to styrerepresentantar og ein vararepresentant i styret kvar.

Føremålet med eigarstrategien

Eigarstrategien har til føremål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og gje rammer for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarstrategien skal reviderast ved behov, men minimum éin gong i løpet av fylkestingsperioden.

Føremålet og overordna målsetting med selskapet

Føremålet med eigarskapen i Ferde AS er å ta del i eit fylkeskommunalt fellestiltak som har til mål å gje moglegheit for stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll og ei meir brukarvenleg bompengeordning. Selskapet sitt mandat er gjeve gjennom bompengeavtalen med staten.

Selskapet sitt føremål er å stå for bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i eigarfylka. Selskapet skal administrere innkrevjinga av bompengar i samsvar med samtykke frå Stortinget og avtalar med Statens vegvesen, fylkeskommunar og Nye Veier AS, jf. veglova § 27, i dette inngår også forvaltning av bompengemidlar.

Den overordna målsettinga med selskapet er å sørge for effektiv bompengefinansiering og gode finansieringsvilkår. Brukarvenlege løysingar skal også vere sentralt. Ein grunnleggande føresetnad er at det ikkje skal førekome krysssubsidiering mellom dei ulike bompengeprosjekta. Ferde skal ikkje vere pådrivar for nye vegprosjekt, og skal heller ikkje gje aksjonærane økonomisk utbyte.

Krav til selskapet si verksemd

Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande regelverk. Ferde kan ikkje drive anna verksemd enn innkreving av bompengar, eller låne- og kapitalforvaltning og anna verksemd som er direkte knytt til Ferde sine eigne bompengeprosjekt. Selskapet kan ikkje drive drifts- eller rådgjevingstenester til andre, eller eksternt retta næringsverksemd. Forbodet mot å drive anna verksemd er ikkje til hinder for at Ferde skal kunne yte bompengefaglege tenester til Statens

vegvesen, fylkeskommunar og til Nye Veier AS i tråd med den til ei kvar tid gjeldande bompengavtalen med staten. Det er lagt til grunn at det skal inngåast avtalar om levering av slike tenester.

Eigarane forventar at drifta av selskapet er effektiv, at den skjer i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, og at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast og verifiserast via standardmetodikk. Det skal til ei kvar tid gå fram av vedtektene kva som er selskapets mål og strategiar for si verksemd. Eigarane skal gjennom generalforsamlinga oppfordre til at selskapet har oppdaterte vedtekter, og på eige initiativ ta opp vedtektene til revidering om nødvendig.

Eigarane er opptekne av at selskapet aktivt tar ansvar for klimakrisa som verden ser i dag, og derfor tek del i Noregs klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55 %, mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse. Vidare er eigarane opptekne av at selskapet tek samfunnsansvar og driv verksemda i tråd med kva som er etisk forsvarleg. Selskapet skal ha etiske retningslinjer og etikk skal kjenneteikne selskapet og selskapet si verksemd, frå val av samarbeidspartnarar og investeringar til tilsette sine arbeidsvilkår. Etiske spørsmål skal vere del i arbeidet med forretningsstrategi og utvikling av verksemda. Dei etiske retningslinjene bør vere i samsvar med FN's Global Compact sine ti prinsipp og NUES sine retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing.

Strengt krav til openheit og offentlegheit er eit effektivt verkemiddel mot korrupsjon. Selskapet skal aktivt arbeide for å forhindre lovbrøt og korrupsjon. Selskapet er omfatta av offentleglova.

Eigarane viser elles til forventningar om samfunnsansvar, miljø og etikk skildra i fylkeskommunane sine eigarskapsmeldingar. Eigarskapsmeldingane er tilgjengelege på eigarane sine nettstadar.

Krav til styret:

Eigarfylkeskommunane stiller følgjande krav til styret:

- Styret skal ved behov tileigne seg naudsynt kompetanse gjennom for eksempel introduksjonsprogram, fagseminar og styreseminar om roller, ansvar og oppgåver.
- Styret skal fastsette ein årleg plan for arbeidet sitt med utgangspunkt i vedtektene mål, strategi, oppfølging og gjennomføring.
- Styret skal fastsette instruks for styret og dagleg leder med særleg vekt på intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Styret skal årleg evaluere eige arbeid.
- Styremøteprotokollane skal førast på ein måte som synleggjer korleis generalforsamlinga sine vedtak vert følgde opp.
- Styret skal sjå til at selskapet behandlar eigarane likt.
- Eigarane forventar at styret set i verk internkontroll-arbeid med tiltak, rutinar og system som sikrar forsvarleg økonomistyring, og oppfølging av internkontrollen i selskapet for å forhindre lovbrøt og korrupsjon.

Valkomit 

Selskapet skal nytte seg av valkomit  ved oppnemning av styret. Valkomit en skal jobbe for ei styresamansetjing kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald. Valkomit en sine innstillingar til generalforsamlinga skal vere grunngevrne.

Eigarskapsutøving

Eigarane legg til grunn eit langsiktig eigarskap i Ferde AS og vil utøve eigarskapen i formelle organ i samsvar med aksjelova. Eigarane av Ferde AS ønskjer å etterleve KS sine tilrådingar om at det vert halde jamlege eigarmøte. Med jamlege eigarmøte vert det lagt opp till minst eitt eigarmøte kvart halvår, der dei valde eigarrepresentantane møtest for å drøfte selskapet si verksemd og utvikling, ut frå informasjonen eigarane jamleg får tilsendt frå selskapet. Eigarmøta skal bidra til å sikre god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet, som igjen vil gje ei koordinert og heilskapleg eigaroppfølging. Det er selskapet sitt styre som skal kalle inn til eigarmøte, og det skal varslast om tidspunkt (dato) i god tid før eigarmøtet. For ordinær generalforsamling er varslingsfristen for møtedato sett til 3 månader. Vedtektsendringar og andre saker som krev politisk behandling skal varslast med to månaders frist.

Gjennom samarbeid med kvarandre og med selskapet sin valkomité skal eigarane sikre at selskapet sitt styre har den rette kompetansen til å styre selskapet på best mogleg måte.

Resultatmål

Eigarane har følgjande resultatmål for selskapet:

- Ferde skal jobbe for positiv utvikling på måleparametrane som vert rapporterte inn til staten og levere resultat som er på linje med dei andre bompengeselskapa
- Ferde skal jobbe for eit godt omdøme som samfunnsaktør og hos kundane.

Rapportering

To-tre gonger i året skal selskapet rapportere til eigarane om mellom anna:

- status for gjennomføring av bompengereforma i Bomregion Sørvest
- innkreving, trafikkdata og bompengeinntekter
- finans og økonomi
- strategiar og planar
- aktuelle saker som omhandlar samfunnsansvar, etikk og openheit
- resultat frå eventuelle brukarundersøkingar og liknande

I eigarrapportane skal selskapet også ta med informasjonen selskapet rapporterer inn til staten.